

Informasjon til fastlegar frå Blindeforbundet Sogn og Fjordane.

Blindeforbundet Sogn og Fjordane driv no litt informasjon opp mot ulike organisasjonar der medlemsmassen kan oppleve ulike synsutfordringar. Vi har til no gjeve informasjon til dei ulike hjerneslag-organisasjonane og til Pensjonistforbundet, vidare framover ynskjer vi å gje informasjon til Diabetesforbundet og til innvandregrupper. I desse dagar vil vi publisere informasjon på skjermene på legekontora her i området. På grunn av dette tenkjer vi det kan kome spørsmål frå pasientar og at det derfor kan være greitt å vite om. Dette er eit lokalt initiativ for Sogn og Fjordane. Vi vil og samle all denne informasjonen og formidle til fastlegar, augelegar, optikarar og helsestasjonar i området Sogn og Fjordane etter kvart då vi tenkjer dette kan være god informasjon å ha med seg.

Norges Blindeforbund

Martin Malkenes

Dagleg leiar fylkeskontoret i Sogn og Fjordane

Tlf: +47 57 83 24 24 / +47 476 67 267